



Stord kommune  
Kvinnherad kommune

Dato: 13.03.2017  
Vår ref.: 2016/943-15  
Saksbehandlar: mattorg  
Dykkar ref.: «REF»

## **Ferjesamband Stord-Kvinnherad - Oversending av sak i fylkesutvalet 22. februar**

Vi viser til vårt brev datert 17. januar 2017 Oversending av rapport Teknisk forprosjekt ferjestø Djupavikneset – Stord, der vi bad om at rapporten vart handsama politisk. I brevet vart det og varsla eit initiativ for vidare prosess for innkorting av ferjesambandet Stord-Kvinnherad.

Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak 22. februar (sak 29/2017):

1. Fylkesutvalet viser til at rapport frå forprosjekt for ferjestø Djupavikneset, og ser denne lokaliteten som uaktuell som ferjeløysing for innkorting av sambandet mellom Stord og Kvinnherad.
2. Fylkesutvalet ønskjer å setje i gang ein planprosess saman med kommunane Stord og Kvinnherad for framtidig ferjesamband mellom dei to kommunane der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte. Om kommunane sluttar seg til dette, kan planen bli utarbeidd som regional plan etter Plan- og bygningslova § 8-1.

Vedlagt følgjer saksframlegg i saka.

Som det går fram av saksframlegget i saka, ser Hordaland fylkeskommune innkorting av ferjesambandet mellom Stord og Kvinnherad som ein viktig regional sak. Vi ber Stord og Kvinnherad kommunar om å ta stilling til framlegget om å utarbeide ein regional plan for sambandet slik det framgår av vedtaket i nemnte sak.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Matti Torgersen

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Saksframlegg til fylkesutvalsak 29/2017